

**MØTEPROTOKOLL****Utval:** Eldrerådet**Møtedato:** 07.09.2015**Møtetid:** 10:00 - 11:30**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Tore Strømmen	Oddbjørg Hisdal

Andre som var til stades på møtet:

Møteleiar:	Brigt Olav Gåsdal
Møtesekretær:	Meline Heimdal Haugland

Merknader:

Leiar om presteskifte i Samnanger. Ny prest kan verta spanande for Eldrerådet og Pensjonistlaget. Ein bør invitera presten meir med i ulike arrangement tiltak.

Orienteringar/meldingar:	Leiar sender ein kommentar med eit spørsmål til ordførar og administrasjon i kommunen om universell utforming i kommunale bygg. Det er eit krav om at det skal vera universell utforming i alle kommunale bygg, og at dette vert fylgt opp. Alle nye bygg er pålagt dette, men korleis er situasjonen i eksisterande kommunale bygg? Det fins blant anna tunge dører som manglar automatisk opning.
Spørsmål/interpellasjoner:	Det vart stilt spørsmål om kor ein er i prosessen med etablering av frivilligsentral. Leiar refererer til tidligare vedtak i Eldrerådet om at Eldrerådet kallar inn til eit ope møte der tema skal vera etablering av frivilligsentral i Samnanger. Møtet skal vera i september, og målet er å velja eit interimstyre som skal førebu skiping av frivilligsentral.
Dokument utlevert i møtet:	Ingen

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 17.06.2020

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
005/15	12/105	Førebuing av Eldredagen 2015	

SAKNR. 005/15
FØREBUING AV ELDREDAGEN 2015

07.09.2015 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg:

I Samnanger har Eldredagen vorte arrangert i 3 år. Markeringa i Samnanger må halda fram. I 2015 vil FN markera dei eldre sin dag for 25 gongen. Klokkeslett må avtalast nærmere.

Eldrerådet ønskjer å invitera dagsenteret til felles arrangement for å markera Eldredagen 1. oktober. Det vil verta i kyrkja på Haga.

- Brigt Olav Gåsdal kontaktar Solvor Aadland om leia arrangementet/vera konferansier, presten om å halda andakt og Anne Karin om samarbeid med dagsenteret.
- Meline Heimdal Haugland undersøkjer høve til underhaldning. Eldrerådet ønskjer å høyra eit lett og humoristisk kåseri. Helst med eldre som tema.
- Bjørg Solvang ordnar pianospelar.
- Svein Verner Røseth kontaktar Bjørkheim Kro & Motell om mat.
- Brigt Olav Gåsdal sender annonse om arrangementet til Samningen. Annonsa kjem i Samningen som vert utgitt 24. september.

Neste samling vert sett opp som komitémøte den 24. september kl 10.00. Alle medlem og varamedlem vert kalla inn. Meline Heimdal Haugland sender ut innkalling per sms.

ELD-005/15 VEDTAK:

Eldrerådet ønskjer å invitera dagsenteret til felles arrangement for å markera Eldredagen 1. oktober. Det vil verta i kyrkja på Haga.

- Brigt Olav Gåsdal kontaktar Solvor Aadland om leia arrangementet/vera konferansier, presten om å halda andakt og Anne Karin om samarbeid med dagsenteret.
- Meline Heimdal Haugland undersøkjer høve til underhaldning. Eldrerådet ønskjer å høyra eit lett og humoristisk kåseri. Helst med eldre som tema.
- Bjørg Solvang ordnar pianospelar.
- Svein Verner Røseth kontaktar Bjørkheim Kro & Motell om mat.
- Brigt Olav Gåsdal sender annonse om arrangementet til Samningen. Annonsa kjem i Samningen som vert utgitt 24. september.

Neste samling vert sett opp som komitémøte den 24. september kl 10.00. Alle medlem og varamedlem vert kalla inn. Meline Heimdal Haugland sender ut innkalling per sms.

